Kalking som før i elva

10.01.2011

10 tonn kalk blir vanlegvis spreidd luftvegen over vassdraget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiar Kåre Vetrhus i grunn- og elveeigarlaget
har søkt om tilskot til vidarekalking i Uskedalselva.

Han opplyser i søknaden at dei ikkje ønskjer å endra kalkinga i år
samanlikna med tidlegare.

Vetrhus svarar 'god' på spørsmålet om storleiken
til bestanden av både aure og laks.

Det er ikkje sett ut fisk i 2010 og det er heller ikkje planlagt utsetjing i år..
Alle grunneigarane har gjeve løyve til kalking og elva er open for alle til å fiske.

Vetrhus opplyser at dei totale inntektene ved sal av fiskekort i fjor var 26 275 kroner.
Det vart seld 29 sesongkort og 71 døgnkort.

Doseraren har hatt ein avgjerandre verknad for rekrutteringa av fisk. (Foto: Ola Matti Mathisen)